

Rypejakt og stemningar.

Av Ola Setrom.

Enno eingong sit eg utanfor den kjære hytta mi og nyt synet av det uendelege — fjellet, vidda.

Dei siste dagane før eg slapp i veg, vart det til eit sug i bringa hjå meg: Lat meg enno ein gong få helse på dykk, kjære kjenningar — høer og flyer, kollar og breer, elvar og vatn — —

Med eg sit på denne ynskjestaden, sig sola attom Kaldvellfjellet. Det logar blanke bål over Hesthågåhø — det leikar eldtungor mot himmelen. Til sist søm alt i ein veik, avdøyvd fargetone — blå som lengselen, og mjuk som ditt eige kløkte og takksame hjarte.

Denne gjennomskira og høge himmelen varslar deg om september-gull, det blå og fiolette om lukkedraummar i stille, kjølege haustneter —.

For i morgon dag kjem fru September skridande — ei vyrdeleg, ei mykje kjær og mykje omskifteleg dame — i augneblinken kledd i somarbunad.

Ein kan ikkje merke stort til hausten enno. Fjellet roglar ikkje i alle fargar. Lyngen og vidjen er grøn — men myra er kanskje i bleikaste laget vorti. Som lange gråbleike armar tøyggjer myrjåtone seg gjennom slake hall, millom grøn-vidje og grå-vidje. Moseflyene ligg friske og gul-kvite. Dei ligg som kniplingskvardar rundt myra, vidjekjorra og det andre.

Her er velsigna fred. Berre ei fjellpiste fløyttar frå tuva si ikkje langt frå hytta. Kanskje er det avskilssongen hennar til høgfjellet — for i år? Kanskje i morgon alt flyg ho med kvasse, djerve vengjetak sørover — over dei blåe fjell, til varme sørland?

Eit tranepar kjem siglande i breidt, flegmatisk flog. Dei slær seg ned på ein kreklinghaug og går og et ber. Plukkar eitt for eitt, sit oppreist og ser årvakne kring seg til alle leier. Så blir dei vår meg

— og det merkelege skriket lyder gjennom stilla. Kva liknar dette skriket? Ingen ting anna enn traneskrik! Låt frå ein sprukken lur — hås og sorgsam. Tungsinn frå vidda? Det kling i allfall ikkje samene med dei glade strengjene i sjela —.

Midt i freden og stilla er det noko som uroar meg. Eg skjønner ikkje sjølv kva det er. Men så går eg inn, og så går eg ut, har ikkje fred ein augneblink. Gamle mor Freya lettar på hovudet og ser som snøggast på meg. Kva er det som uroar deg? vil ho seie. Men ho er trøyt etter lang seterveg-tråving. Difor legg ho seg på sida att, rettar frå seg føtene — og blundar. Tidsnok i morgon, tenkjer ho vel!

Men vesle Svava, som er åtte månader berre, og reine skuldøysa, klagar i søvne. Det er fedrane hennar som varslar, gjennom draumen, om hendingar som skal koma — —.

Og *dette* er det, skjønner eg no, som gjer meg uroleg. Skal den vesle Svava, kjæraste venen min, gjera skam på dei store vonene mine? Kanskje skal det bli ein eveleg dau-gang i morgon — utan å finne fugl! Kanskje skal Svava aldri få høve til å syne meg dei gode eigenskapane sine? Kva gjorde det om ho rusa av kjæte, og prella av eldfylt jakthug, om ho var ein tanke skotredd òg — berre vi fann fugl? Enda — ved alt — eg veit ikkje.

Men fugletomt lende er det mest vonlause eg veit. Ingen ting gjer meg så mismodig som berre *tanken* på *det*. Og eg fekk eit vondt varsel i dag: Ein «finn-kall» fram or audna steig og spådde herr — —.

Han sa meg sanninga kloberleg beint opp i augo: Det fanst ikkje fugl! Jaujau — nokre gamle, kjøtseige steggjer — og nokre få bitte, *bitte* små forpjuska kjuklingar, den reine *syndsamlegheita* å skyte på, kavera han. Og han såg vindøygd og surt etter Svava som vilde snuse på sekken hans.

Pipar dei? spurde eg.

Hoi, enn pipe da! Dei er så små at dei *greier* ikkje å *pipe* — enda. Vadelikt! Ein kunde gladeleg ta dei med hendene og bera heile føstret i trøyelumma. Fy da bisken! skjente han og slo etter Svava med staven sin.

Så vaknar ein tidleg den første dagen i september — og hugsar i ein blink at i dag er *i dag!* Og er ein jeger av reinaste vatn, så bevrar ei varm og vonfull glede gjenom ein. Det er styggtidleg enda, men det er umogleg, reint ut sagt ikkje råd skapt å få sova! Ein lyt opp. Det er ikkje dag til å *sova* i, dette.

Og når du opnar døra, så bikkjone kan få ut og lufte seg, strøymmer den morgonkalde lufta mot deg og varslar om høg fjell og krytstallar. Du lyt tenkje på sølvklåre oppkomor under bakkebrota —.

Om ei litor stund knitrar einen i omnen, og kaffekjelen eimar.

I medan er sola runni over Ivavoll-kamben. Det glitrar i eit hytteglas langt i vest, det blenkjer dogg på flåene attmed Elgsjø-elva, det stig ei tunn, gjenomsynleg skodde opp frå myrane — heile fjellet borteter braglar i blåleik morgondis — —.

Og så ber det endeleg ut og avstad! Nokre steg bortanfor hytteveggen tek Freya til med sitt arbeid. Men Svava, det vesle gullet, fær gå i band til så lenge. Kanskje finn den vyrde fru mor hennar eit rypelægje no straks — i bakkehallet tett attmed bua? Det *plar* vera eitt her — kvart år! Og da skal vesle Svava få koma bortåt. Ho skal få stå jamsides mora og ane — ja, *ane* — noko frå fedrom i hundre led, noko mystisk, noko som reint tek makta frå henne, blindar henne og læser verda ute frå henne — —.

Slik fantaserer eg, morgonrusa og takksam, barnsleg vonfull som eg er! Sola skin. Eg er fri mann. Fjellet logar som eit einaste stort bål i kring meg — logar i sol og sølv og gull, logar i glitrande fargar.

Men eg går *ein* time, og eg går *to!* Freya søkjer, men finn ingen ting. Eg blir modlaus og utolsam. Eg skjenner på Freya, kallar henne — lovar meg sjølv dyrt og heilag at eg skal ikkje gå ein haust til med eit slikt *krek*. Det er *ho* som kan til at det ikkje finst fugl!

Ho er for sein i søkjinga, det ligg vald att etter henne, ho fer om fuglen for fan — dette rimar ikkje med mine fulle fem! Den tiande september i fjor, i tjukke snøgabbet, var det på tusental med rypor her! Orsak meg at eg spør: Kvar er *dei*?

Eg blir desperat. Det går ikkje verre enn verst: Eg slepper

Svava, gjer eg pinadè! Det er eit stygt trugsmål mot Freya — men ho leitar som ingen ting. Eg slepper Svava, høyrer du! Lat ho berre renne som ein djevel og jaga rypa åt alle verdsens hynnor — berre eg kan *sjå* fugl. Ja, for det finst nok fugl her — det er berre Freya, det nautet, som ikke finn noko —.

Så-å, Svava! Allez — søkje du!

Svava blir forundra da eg slepper bandet av henne. Ho gjer først nokre tverkast til sides, så hoppar ho oppå meg, boffar og dansar og er sers glad i ein god skjemt. Endeleg tek ho til å snuse millom vidjebuskone her og der.

Freya stanar rett som det er — ser på meg og spør med augom, men ho blir berre møtt med sure skjellsord: Søkje, fillebikkje! Svava søkjer. Å du, så søtt! Sjå kor den vesle rumpestumpen viskar!

Etter eveleg daugang i tri timar sit eg endeleg attmed Elgsjø-elva og kokar kaffe. Elva går i fine loner, i mjuke svingar gjenom myrar og sandflåer. Eit rusta lauvblad siglar seint nedetter strau-
men. Hausten, likevel —.

Det luktar eine — og røyken svingar i vind-græla og vil berre inn i augo. Eg kjem i godlag att no. Freya og Svava ligg tett attmed meg. Dei sleikjer labbane, og Freya glyrer opp på den strenge husbonden sin ender og da. No går det noko varmt gjenom meg, og eg minnest eit ord av ein pedagog: Utan litt ros går arbeidet tungt!

Freya har gjeve meg så mykje glede som nokon. Alle dei vakre, lukkelege dagane vi har hatt i



Rast.

Fot. Ola Setrom

lag i fjellet! Eg tek hovudet hennar millom hendene: Så-så, kjære. Du skal nok *sjå*. Ofte vender lukka seg etter matkvila.

Eg drikk kaffe, bikkjone traskar turrfisk — ein bitte-bitte liten «dotsup» — ei pipe. — Fjellet rundt i kring. — Stilla. Endeløysa. Ro fell.

No ber det avstad att — og ved alt som sant er, berre nokre få meter frå kvilestaden står Freya så det har god skikk!

Eg ser det på bikkja — det er eit *stort* fugleføstre! Bikkja står stiv og steingjengi, ho tør ikkje ein gong snu seg og *sjå* etter meg — og da er det alltid noko overlag. — Fuit! Vesle Svava, kom her. Bak, frøken!

Da eg kom så nære innpå at eg utan vanske kunde skyte om noko gale skulde hende, let eg Svava sleppe til. Men ho er varsam, så eg hadde ingen ting å ottast. Spaninga likesom dovnar bort i meg. Ho er full-lært *fødd* — ho kjem opp på sida av mor si, står ei stund, går så beinast fram og snasar opp — ei *enkelbekkasin!* — To skot — to hommar. Freya ser langt på meg —

Da klappar eg Freya — og kaldskrattar. Straks etter lyt eg snu meg og sjå i kring meg. Var det noko som skremde meg? Det let så uhugleg i stilla.

I tre-tida ruslar vi heim til hytta med ei bekkasin og fire gamle steggjer i sekken. Svava har ikkje vore noko rosverdig nett. Ho heldt seg mykjegodt i lag med mor si og gjorde som eit teikn til stand når *ho* stod — og var i det store og heile sin moder «hørig og underdanig». Ikkje korkje meir eller mindre. Men no er eg så trøytt og lukkeleg at eg orkar ikkje å kjenne på dette som noko vonbrot. Spaninga og uroa har svana ned til ingenting —

Eg går berre og dregst med ei regle frå den fjerde bøna i fadervår: Godt ver, fred, helse — —. Og det vart konklusjonen for dagen.

Da det tok til å skyme om kvelden, kom Jo stigande så steinane i setervegen spruta gneistar. Og velsigna vere han som kjem! Men ein fordømt ertemunk, det er han — og det er det verste eg veit (når eg er i dårleg lynne)! Han tek seg til å gapskratte over trofeane mine.

Det er *maskulint*, seier han tørt og ser på steggjene som heng i rad på buveggen. Men så varest han bekkasinfuglen. Kva er det der? kaklar han. Orsak, sei meg — er det — skyt du *trast*?

Dette er ei enkeltbekasin, svarar eg. Må eg ha den dyre æra og den kitlande gleda å presangtere eit eksemplar av ætta *gallinago*, seier eg og er latinsk.

Jo har aldri i sitt lange veidemannsliv råka — endatil *tett att-med*, — ei enkeltbekasin! Og det latinske *gallinago* kan eg likså gjerne fortelje honom tyder *snus* — —.

Du har gått for lågt, seier han. Rypa sit høgt oppe i år.

Nei, seier eg. Det plar vera slik at med kjuklingane er små, sit dei lågt. Seinare på hausten, når dei er utvaksne, flyt dei litt etter litt oppover.

Er dei så *små*, da?

Ja. Reine lusa og syndsamlegheita —.

Har du set dei?

Og før eg svarar nei når han blåknip meg slik, før slær eg over i reine galgenhumøret. Det har bore mannen over bekkens sumtid før —.


Dei er så små at dei orkar ikkje *pipe* — enda, seier eg. Så fortel eg om kallen eg møtte, og så ler vi båe to. Men best det er trettar *han* att! Han er slik ein ertemunk!

Nei, bikkja er for gamal, seier eg.

Kor gamal er ho da? spør han kvast og forarga.

Sju år! Ho luntar, ho gnur på spor, ho går-om fugl, nasen er kaput — —.

Det er du, toskan,



Fisken bit!

Fot. Ola Setrom

som er gamal og kaput, hekser han. Kvar i verda har *du* set at Freya har gått-om fugl — sei meg det?

Å, han toler ikkje at eg stikk på Freya. Berre aldri så lite misnøgje, så blir han sinna. Det er det einaste eg veit om som kan rugge det feite trønderflegmaet hans. Men eg veit om deg, Jo — Akilles!

Og så fortel eg om det store føstret som Freya stod for — eit føstre som anten kvervde synet på meg eller gjorde seg om til ei enkeltbekkasin.

Så sluttar vi dagen med ein toddy og ei pipe — og ynskjer kvarandre ei fredeleg natt.

Det verste var likevel at Jo skulde få rett. Rypa var der — og ho sat høgt oppe! Han *hadde* rett, den hovne —.

Det var ein hare som gav oss løysinga. Vesle Svava kunde ikkje halde seg, men sette etter. Eg blistra og pipa og skreik — men borte vart ho. Så laut eg bite i det sure eplet og fylgje etter — motviljug, sur og hemnfus. Men kva ser eg — kva fær augo mine sjå? Der står Svava, som eit svart ljøs, inne på ei myrflå. Der står ho, ja — og det ser helst ut til at ho ikkje *kan* anna, gud hjelpe henne —.

Eg let henne stå. Jo kjem hæsande etter — riv fram apparatet — knepp! Der er ho — —.

Så går vi fram og skyt, og av fire gamlerypor fær vi kvar si. Dei andre to slo enda høgre opp.

Sidan gjekk det etter vanleg oppskrift: Vi fann små føstre og store, store kjuklingar og småe — men ingen «orka» å pipe — —. Vi skaut ti-femten rypor om dag — og levde i herlegdom og glede.

Det er tiande september, og vi tek velfar. Vi har det kjære høg-fjellsbiletet for augom siste gongen i år.

Det kom snø her ein dag. I stride elingar gjekk snøskurene, og det vart kvitt på ein augneblink. No er snøen borte att, men sterke haustfargar logar og brenn for augo kvar vi snur oss. Det er blod i lyngen, det er eld i fjell. Lauvet fell — flyt i bekkjom, seglar, seglar på straumom —.

Fjellet grånar bort i skyminga. Seinare kikar månen fram millom skygløttom, og ljøs og skugge lever, leikar gøymsle med seg sjølv fjellet bortetter.

Vi stundar ned i bygda att no. Lengselen har drege klørne til seg att — for i år. Eit heilt år til næste haust. Kor mang ei stund skal vi få lov til å lengte mot ei grå og einsleg hytte i fjellaudna — i året som kjem?

Kjære Sjøvidt — —.

Ola Setrom.



Svartåen ved Bruholtseter.

Fot. E. A. Haugen